

Kommuneplan Time kommune

2026-2037

Arealdelen

Datert: 03.09.2026

Høyringsforslag

Innhold

Forord 4
1. Innleiing 5
1.1 Medverknad 6
2. Time i eit regionalt- og samfunnsperspektiv 7
2.1 Arealbruk 7
2.1.1 Bustadformål 7
2.1.2 Arealbehov for offentlege formål 7
2.1.3 Omsorg 8
2.1.4 Arealbehov for friluftsliv 8
2.1.4 Næringsareal 8
2.1.5 Landbruk 9
2.1.6 Masseuttak og massedeponi 10
2.1.7 Andre formål 10
2.1.8 Folkehelse, barn og unge sine interesser 10
2.2 Byen og tettstadane 11
2.2.1 Arealstrategi 11
2.2.2 Bryne 11
2.2.3 Kvernaland 11
2.2.4 Lyefjell 12
2.2.5 Undheim 13
2.2.6 Hognestad 13
2.2.7 Det viktige kvardagslivet 13
2.2.8 Folkehelse, barn og unge 14
2.3 Samferdsel 14
2.3.1 Veg 14
2.3.2 Gonge og sykkel 14
2.3.3 Kollektivtilbod 15
2.3.4 Folkehelse, barn og unge 16

2.4 Arealrekneskap 16
2.4.1 Planvask 16
2.4.2 Bustad 16
2.4.3 Næring 17
2.4.4 Arealrekneskap etter arealtype 17
3. Natur-, kulturlandskap- og friluftsliv forvaltning 19
3.1 Friluftsliv 20
3.2 Klimatilpassing 21
3.3 Kulturmiljø 21
4. Samfunnstryggleik 23
4.1 Storulykkebedrifter 23
4.2 Utbrot av smittsam dyresjukdom 23
4.3 Matvaretryggleik 23
4.4 Flytryggleik 23
4.5 Folkehelse, barn og unge 23
5. Handlingsprogram 25

Forord

Kommuneplanen er det overordna styringsdokumentet for arealpolitikken i Time kommune, og viser korleis me som samfunn skal utvikle oss i eit langsiktig perspektiv. Planen legg rammene for korleis me forvaltar areal, naturressursar og felles verdiar, og korleis me som kommune skal levera gode og framtidsretta tenester til våre innbyggjarar. Denne revideringa av kommuneplanen er forankra i vedtaket frå kommunestyret i desember 2024 (KS-096/24), der det vart slått fast at både samfunnsdelen og arealdelen treng ei oppdatering. Sjølv om fleire sentrale planar er nyleg reviderte, er det naudsynt med ein samla gjennomgang for å sikra ei heilskapleg og berekraftig utvikling av Time i perioden 2026 til 2037.

Arbeidet har teke utgangspunkt i planprogrammet som vart fastsett i september 2025 (FSK - 056/25). Her vart det definert kva tema som skulla vurderast nærmare, kva utgreiingar som var nødvendige, og korleis planprosessen skulla gjennomførast.

Det har kome inn fleire innspel i løpet av prosessen. Dei fleste dreiar seg om bustad og næring. Det har vore spesielt stort fokus på næringsareal spreidd rundt om i kommunen, med stor variasjon i funksjon og storleik, som for eksempel biogassanlegg, kraftkrevjande industri, lager, produksjon, og meir. Det har vore fokus på at særleg mindre aktørar som har etablert seg med mellombels dispensasjon, må få varig løyve til vidare drift.

Revideringa har blant anna vore retta mot å oppdatera areal og fortettingsstrategien, sikre gode areal for framtidige bustad og næringsbehov, ta omsyn til på jordvern og naturmangfald og legga betre til rette for klimavenleg utvikling. Kommunen si rolle som samfunnsutviklar krev at me må balansera fleire omsyn samtidig. Me skal skapa rom for vekst og verdiskaping, og samstundes sikra at framtidige generasjonar også har gode levekår og tilgang til dei same ressursane som me har i dag.

Kommuneplanen syner summen av dei samla ambisjonane og måla til lokalsamfunnet. Den skal peika ut ein tydeleg kurs, og sikra et handlingsrom for framtidige behov og ynske. Me står overfor både utfordringar og moglegheiter. Gjennom denne planen legg me til rette for ei utvikling som styrkjer lokalsamfunnet, bygger vidare på dei kvalitetane som gjer Time til ein god kommune å bu og arbeide i, og som sikrar ein berekraftig framtid for heile kommunen

«Det vert nok stridt; men
litt om litt Tek kvar og ein
sin vesle stein er snart
vår åker rein»
Arne Garborg

Andreas Vollsund
ordførar

Trygve Apeland
kommunedirektør

1. Innleiing

Kommunen skal ha ein kommuneplan for heile kommunen som syner samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruken. Ein kommuneplan skal omfatta ein samfunnsdel, ein arealdel og ein handlingsdel. Handlingsdelen inngår som eit handlingsprogram i dette dokumentet. Programmet skal brukast som eit grunnlag til handling- og økonomiplanen, for å følgja opp arealdelen sine mål og ambisjonar.

Kommuneplanen sine overordna retningslinjer for den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklinga går fram av kommunal planstrategi og kommuneplanen sin samfunnsdel. Revisjon av samfunnsdelen (2026 – 2037) vart starta opp parallelt med denne revisjonen av arealdelen.

Kommuneplanen sin arealdel skal visa hovudtrekka i arealdisponeringa, og rammer og vilkår for kva nye tiltak og ny arealbruk som kan settast i verk. Kva viktige omsyn som må ivaretakast ved disponering av areala skal også inngå. Kommuneplanen sin arealdel omfattar plankart, temakart, , føresegner og retningslinjer og handlingsprogram. I planomtalen går det fram korleis nasjonale mål og retningslinjer for arealbruk er forsøkt ivareteke.

Til arealdelen er det laga eit handlingsprogram som skal bli eit grunnlagsdokument for kommunal planstrategi, og skal vera det for økonomiplanen for komande periodar.
Dette for å vera mest mogleg realistisk i kva planoppgåver me har kapasitet og økonomi til å få utført i planperioden.

Områda som inngår i Kommunedelplan for Bryne sentrum 2024-2035 og Kommunedelplan for dobbeltspor Sandnes – Nærbø (strekning Time), inngår ikkje i kommuneplanen sin arealdel, men dei resterande delane av kommunen inngår.

Vidare har kommunen nyleg vedtatt fleire kommunale planar og strategiar som har gjeve innspel til arealdelen. Dette gjeld mellom anna Planstrategi 2023-2027, Kommunedelplan for Bryne sentrum 2024-2035, temaplan for kulturmiljø 2026-2038, og fleire, som har blitt brukt som grunnlag i kommuneplanen.

I tillegg til dei kommunale planane og strategiane er det statlege og regionale styringsdokument som har gjeve føringar for planarbeidet. Som viktige statlege føringar vil me nemna Nasjonal jordvernstrategi 2023, Statleg planretningslinje for arealbruk og mobilitet og Statlege retningslinjer for klima og energi.

Regionale planar som gir føringar for arealdelen er mellom anna Regionalplan for Jæren og Søre Ryfylke (endra 14. juni 2023), Regionalplan for grøn industri (juni 2023) og Regional planstrategi 2025-2028. Det er også, der det er mogleg, teke omsyn til prinsipp og føringar frå «Fylkesplan for regional utvikling, areal og mobilitet» (FRAM), sjølv om denne planen enno ikkje er ferdig og er planlagt vedteken i 2027.
Formannskapet har i samanheng med planprogrammet og planprosess sett fokus på:

- FN sine bærekraftmål
- Næringsutvikling
- Bustad og befolkning
- Kommunale arealbehov
- Jordvern
- Klima og miljø
- Kulturmiljøplanen
- Folkehelse
- Mineralressursar og råstoffutvinning
- Kraftkrevjande industri

Desse tema er belyste i eigne fagnotat og konsekvensutgreiing for dei enkelte innspela. Helse

i planlegging og barn og unge er gjorde synlege ved at desse perspektiva er omtala for alle tema. Ny kulturmiljøplan vart utarbeidd parallelt med kommuneplanen og er innarbeidd.

1.1 Medverknad

I planane kommunen nyleg har vedteke, og i planprosessen elles, har det vore gjennomført medverknad i fleire former. I prosessen har det vore formidla informasjon gjennom avis, innspel og ein open kontordag. Sjølv om den formelle innspelsperioden var frå 5. mai til 20. juni 2025, er det og teke omsyn til innspel som kom så seint som i mars 2026. Det har også vore jamlege møter med den politiske styringsgruppa undervegs for å sikra politisk forankring. Det er vidare lagt opp til folkemøte etter førstegongsbehandlinga, der innbyggarar kan koma og høyra om planforslaget.

Til høyringa av planprogrammet, har det kome inn mange forslag som ikkje var relevante for sjølve planprogrammet, men var konkrete forslag til endringar i arealdelen. Alle desse er vurderte og kor desse vart vurderte som positive lagt inn i planforslaget. Andre innspel som har kome inn i andre samanhengar har også vorte forsøkt fanga opp, og innarbeidd der dette er vurdert som ønskeleg. I tillegg har behov for endringar i arealdelen vore registrerte sidan 2019.



Figur 1 Bryne kyrkje

2. Time i eit regionalt- og samfunnsperspektiv

Time er ein del av ein region som har hatt stor folketalsauke dei siste 20 åra, og som nå er i ein fase der veksten er meir usikker framover.

Time har som mål å skapa eit samfunn som fremmar helse og skapar trivsel for alle innbyggarane. Gjennom planlegging vil kommunen legga til rette for gode lokalsamfunn og bustadområde.

Styrking av sentrumsområda i byen og tettstadane, ved å legga til rette for etablering av både bustadar, arbeidsplassar, handel, servicefunksjonar og møteplassar, gjer områda meir attraktive.

Tilrettelegging for gåande og syklande, barn, unge og eldre vil skapa meir liv i sentrum og tettstadane.

Bryne er regionsenter på Jæren og det er derfor viktig å styrka byen som kollektivknutepunkt og ha god plass for handels- og næringsutvikling. Vidare ønsker me å styrka kulturlivet som ein sentral del av byutviklinga og som bygger opp om utviklinga av Bryne som regionsenter.

Landbruksareala på Jæren og i Time er blant dei beste i landet og strategisk viktig for å sikra matforsyning, i nasjonal samanheng. Nasjonal jordvernsstrategi har som mål å redusera omdisponeringa av jordbruksjord. Likevel vurderast dei samfunnsøkonomiske interessene å vera så store at 542 daa jordbruksareal vert omdisponert i revideringa.

Nokre av jordbruksareala som er sette av til busetnad og anlegg, i arealplan 2018-2030, er vurderte og tilbakeførte til jordbruksformål (LNF område). Det har ikkje vore ønskeleg å tilbakeføre næringsområde eller bustadområde i denne revisjonen. Desse areala skal i staden hushalderast over fleire tiår gjennom rekkefølgjekrav. Dette for å sikra tilgjengelege areal i alle næringskategoriar, samt langsiktig føreseielegheit for innbyggjarar, grunneigarar og private aktørar. Endring av rekkefølgjekrava om når avsette areal kan verta bygde ut, er vurdert til å vera ein meir hensiktsmessig strategi som gjev betre og meir føreseielege heilskapsløysingar. Det er difor lagt ekstra vekt på planvask innanfor arealformåla forsvar og råstoffutvinning. Det er vurdert at om lag 200 dekar med formål råstoffutvinning og om lag 900 dekar med forsvarsformål kan tilbakeførast til LNF formål.

2.1 Arealbruk

2.1.1 Bustadformål

I Kommuneplan 2018-2030 ligg det inne framtidige bustadområde på til saman 412 daa. Dette aukar noko i den reviderte planen. I tillegg er det potensial for fortetting innanfor dei etablerte bustadområda rundt om i kommunen. I denne revisjonen ønsker me å leggje til rette for betre og meir føreseieleg fortetting med høgare kvalitet.

Kommunedelplan for Bryne sentrum 2015-2026 legg til rette for ein god del fortetting i sentrum. Ein del av dette potensialet er teke ut, men tempoet i fortettinga i sentrum vil nok dra ut i tid. Større delar av potensialet ikkje vil verta teke ut før etter planperioden. Gjennom bustadbyggeprogrammet er det synleggjort at bustadbygginga er i samsvar med barnehage-, skulebruks- og omsorgsplanen, og ønska tettstadsutvikling elles.

2.1.2 Arealbehov for offentlege formål

Idrett

Idrett har ikkje vore eit vesentleg tema i kommuneplanrevisjonen, men eit eventuelt behov for utviding av eksisterande anlegg vil i all hovudsak kunna skje innanfor avsett areal i gjeldande planar. Det er ikkje ytra ønske eller behov for fleire anlegg i

planperioden, noko som syner at behovet er tilstrekkeleg dekka i dag.

Oppvekst

Barnehagar

Det vart i førre revidering sett av areal til tre nye barnehagar, og at ein barnehage har arealmesseg kapasitet for betydeleg utviding. Det er lagt inn ei mindre utviding av ein barnehage på Kvernaland. Behovet for barnehagar i planperioden vert med dette vurdert til å vera dekka.

Skular

Bryne ungdomsskule og Frøyland skule er utvida dei seinare åra, og bygging av ny felles ungdomsskule saman med Klepp kommune i området sør for Nordlysvegen vart sluttført sommaren 2021. Ein felles ungdomsskule for Klepp og Time, i dagens Frøyland skule, kan verta ei moglegheit. Mogleg areal for utviding her er teke omsyn til i planen, ved å ikkje legga til rette for meir bustad direkte rundt skulen. Undheim og Hognestad har god kapasitet. På Lye er det god skulekapasitet i både barne- og ungdomsskulen, og er areal til vidare utbygging tilgjengeleg. Arealbehovet for skular vert med dette vurdert å vera godt dekka.


2.1.3 Omsorg

Eventuelt behov for fleire institusjonsplassar kan finnast innanfor eksisterande areal avsett til offentleg formål. På Kvernaland omsorgssenter er det i førre revisjon lagt opp til å kunna bygga ut tre nye bustadfløyer med 24 omsorgsbustader med heildøgns tilsyn. Disse er nå under bygging.

I denne revisjonen vert arealet OK1 på Kvernaland flytt ned mot Stemmen og sett av til kombinert føremål. Plasseringa er vurdert som meir gunstig med tanke på eksisterande omsorgstilbod og grunneigar- og landbruksdriftsmessige forhold.

2.1.4 Arealbehov for friluftsliv

Kommunen ønsker å legga til rette for at fleire vel å auka aktivitetsnivået sitt.
Tilgjenge til område i nærmiljøet er avgjerande for at flest mogleg vil kunna vera i aktivitet. Det er eit aukande behov for regulerte friområde rundt tettstadane og målsettinga er at innbyggarane skal ha maks 500 meter til næraste rekreasjonsområde.



Figur 2 Friområde på Bryne med 500m-beltet rundt

Dei fleste større friluftsområda ligg aust i kommunen kor det bur lite folk. Melsvatnet, Sandtangen og Stemmen på Kvernaland er dei mest universelt tilrettelagde friluftsområda i kommunen. Lyefjell manglar eit slikt tilrettelagt område. Dette er sikra i reguleringsplan for Larheia bustadområde Det er viktig å sikra desse større områda for framtida.


Det er om lag 100 km med merka turstiar i kommunen basert på frivillige avtalar med grunneigarar. Dette er nærare omtalt under "Natur- og kulturlandskapsforvalting og friluftsliv".

2.1.4 Næringsareal

Næringsområde har vore eit sentralt tema i revideringa, og det har i den samanhengen vorte utarbeidd analysar av kapasitet for dei forskjellige næringsområda.

Næringsområda på Håland er kommunen sitt største samanhengande næringsområde. Området har noko potensial for fortetting, men mesteparten av dette potensialet er vurdert til å vera teoretisk og dermed vanskeleg å ta i bruk på kort sikt. Nokre

område på Håland har eit realistisk fortettingspotensial, men desse areala er små og spreidde. Ein del er nok tiltenkte framtidige utvidingar av eksisterande verksemder, framfor etablering av nye.



Figur 3 viser deler av Håland næringsområde, som har potensiale for fortetting (med lav kompleksitet). Røde tomter har mellom 5 og 20% BYA. Kvite/gule har mellom 0 og 5% BYA.

Det er relativt lite fortettingspotensial med låg kompleksitet innanfor dei andre etablerte næringsområda. Låg kompleksitet vil seia at tomter har lågare enn 20 % BYA per i dag, har gunstig regulering med noko fleksibilitet og har god arrondering. Alle etablerte næringsområde har dessutan eit teoretisk potensial for fortetting, men då med høg grad av kompleksitet.

Næringsarealet på Re/Svertingstad er det einaste ikkje etablerte næringsarealet som er eigna til næringsverksemder med middels arbeids- eller besøksintensitet, såkalla type to næringar, i kommuneplanen. Ein del av dette arealet er dermed svært viktig for kommunen å kunna bygga ut i denne planperioden. Næringsarealet på Re/Svertingstad er delt opp i tre delområde for å kunna koma i gang med detaljregulering av ein del av området. Det er krav om felles planlegging for fleire eigedomar for å få ei heilskapleg planlegging av heile området. Det vert vurdert som svært viktig å utnytta området effektivt. For bustadområda og grønstruktur på Re/Svertingstad skal det også utarbeidast ein områdeplan. Å hushaldera godt med areala er viktig.

Det ble i kommuneplanen sin Arealdel 2018-2030 lagt inn betydeleg areal til kraftkrevjande næringsverksemd i tilknyting til tilgjengeleg straumforsyning på Kalberg/Kvernaland, samt på Undheim. Bakgrunnen for dette er Noreg sitt ønskje om å verta ein datasenternasjon. Regionen sitt behov for alternative arbeidsplassar når olje– og gassindustrien etter kvart vil verta fasa ut er også ein viktig grunn. Statnett sin konsesjon for å etablera transformatorstasjonsanlegget 'Fagrafjell' september 2019 gir Kalberg/ Kvernaland-området vesentlege komparative fortrinn, noko som ikkje mange andre område i Rogaland har. Nærleik til fiberkablar, universitet, flyplass, men ikkje minst ein arbeidsmarknad som må omstilla seg, er vesentlege moment for kvifor areala i kommunen er vurdert å vera blant dei aller best eigna lokalitetar. På Kalberg er det ein pågåande prosess med områderegulering.

På Undheim har bygginga av datasenter starta, og det er no ønskjeleg å leggja til rette for ekstra areal som ein utviding av datasenteret. Ein ønsker også å legga til rette for ny verksemd som kan nytta restvarmen frå datasenteret som er under bygging. Det er difor mellom anna sett av areal til biogassanlegg og veksthus i same område

Det har også vore eit tema å få formalisert mindre næringsområde etablert på dispensasjonar. Ei endeleg avklaring for desse mindre områda gjev føreseielegheit for grunneigarar og verksemder.

2.1.5 Landbruk

Det er eit nasjonalt mål å auka matproduksjonen med tanke på auka mattryggleik. Ein viktig flaskehals for dette er tilgangen på dyrka jord. Å føra tilbake jordbruksareala som er sette av til andre formål i kommuneplan 2028-2030 til jordbruksformål (LNFR-område) er i utgangspunktet vurdert til å vera i konflikt med målsettingar i regionale planar, samt med kommunen som føreseieleg planmynde. Ei nøye styring gjennom å setta rekkefølgjekrav når avsette areal kan byggast ut, er vurdert som ein meir hensiktsmessig måte å ta omsyn til jordvernet.

Det er gjennomført planvask med fokus på arealformala råstoffutvinning og forsvarsformål.

Der det er konkludert med at areala ikkje lenger er naudsynte, har dei vorte tilbakeførte til LNFR formål. Dette utgjer om lag 900 dekar med formål «Forsvar» og 200 dekar med formål «Råstoffutvinning». For nærings- og bustadformål er det vurdert som meir fornuftig å hushaldera med areal over mange år, framfor å ta dei ut.

Revideringa av planen har også hatt merksemd på å gjera bruksrasjonalisering enklare og meir føreseieleg, gjennom å leggja til rette for dette med ulike insentiv.

Landbruksplanen for Time kommune skal reviderast innan utgangen av 2027.

2.1.6 Masseuttak og massedeponi

Kommunen har i dag seks område med aktiv drift, medan det går føre seg fleire reguleringsplanarbeid knytte til masseuttak eller -deponi. Nokre av desse er konfliktfulle. I tillegg finst det område der drift kan starta opp. Den store utbyggingsaktiviteten i regionen har ført til auka etterspurnad etter areal til uttak og deponering av massar. I denne revideringa er det lagt inn ei mindre utviding av masseuttaket på Sæland for vidare uttak. Utover dette er behovet vurdert som dekt gjennom areal som vart sette av i tidlegare revisjonar.

Det er også lagt inn eit område på Fjermestad på cirka 600 dekar som skal fungere som eit massemottak knytte direkte til tilrettelegging for kraftkrevjande verksemd på Kalberg, og skal ta imot overskotsmasse derifrå. Massane skal verta brukt til jordforbetring.

2.1.7 Andre formål

I kjerneområdet for landbruk er det som hovudregel ikkje tillate å føra opp bygningar med mindre dei er knytte til stadbunden næring. Det same gjeld etablering av og frådeling til slike formål.

Det er vurdert å etablera eit biogassanlegg i landbruksområdet sør for Undheim, då dette er vurdert som særleg viktig for landbruket på Jæren.

Plasseringa i nærleik til det planlagde datasenteret i same område gir også moglegheiter for synergiar gjennom utnytting av restvarme.

2.1.8 Folkehelse, barn og unge sine interesser

Time har mål om å sikra område for friluftsliv som er lett tilgjengeleg for alle innbyggarane. Her vil det vera eit spesielt fokus på å sikra område i utbyggingsområde, å gjera utilgjengelege



Figur 4 Friområde på Re

grøntområde meir tilgjengelege og å sikra at flest mogleg av innbyggarane skal ha maksimum 500 meter frå bustad til eit større rekreasjonsområde. Kommunen har mål om å ha minimum eit turområde som er universelt utforma, i kvar tettstad.

Gjennom ei ny barnetråkk-kartlegging som har gått parallelt med kommuneplanrevideringa har område kor barn og unge oppheld seg, leikar, syklar og går, vorte synleggjorde. Resultata skal brukast i reguleringsplanarbeidet framover.

I buområde bør leikeplassar og plassar for opphald vera samanhengande, med grøne trasear og med trygg gangtilkomst mellom desse. Skular bør ligga i gangavstand frå bustadfelt og med sikker tilkomst.

Å sikra grøne område i tettstadane og byen er viktig for barn og unge, ikkje minst dei områda som ikkje er opparbeidde og har kvalitet i form av ustrukturerte leikemiljø med variert natur, og større kvartalsleikeplassar.

Vatn som planelement har så langt ikkje fått mykje merksemd i arealplanlegginga. Klimaendringar vil kunna gje utfordringar med handtering av overvatn, men også nye moglegheiter som aktivitetsområde for barn og unge. Vatn som moment, vil derfor tydelegare verta teke inn i grønstrukturar i framtidig detaljplanlegging.

Blå-grønfaktor, som mellom anna kan bidra til å dempa skadar frå kraftigare og meir nedbør, berekraftig handtering av overvatn, fremja økologiske og estetiske kvalitetar og dessutan legga til rette for betre uterom, er innarbeidd i føresegnene.

2.2 Byen og tettstadane

2.2.1 Arealstrategi

Samfunnsdelen slår fast at Bryne, Kvernaland og Lye skal ha eit variert bustadtilbod med einebustadar, rekkehus og lågblokk. Det skal framleis vera eit betydeleg fokus på å konsentrera bustadbygginga på Bryne, og i noko mindre grad Kvernaland slik Regionalplan for Jæren og søre Ryfylke legg opp til. Samtidig skal også dei andre tettstadane ha moglegheit til noko utvikling. Det er viktig å visa korleis tettstadane skal utvikla seg i eit lengre perspektiv. Derfor vert også nokre av utbyggingsområda som ikkje kan byggast ut før etter planperioden, viste. Gjennom rekkefølgjekrav vert tempoet i utbygginga styrt noko, samstundes som noko fleksibilitet vert teke vare på.
Med bakgrunn i innspela som er innarbeidd er det kommunale jordvern målet auka frå 45 daa/år, jf. Samfunnsdelen 2022-2034, til omlag 62 daa/år. Desse innspela vurderast å vera av regional interesse.

2.2.2 Bryne

Kommunedelplan for Bryne sentrum 2024-2035 er nyleg vedtatt, slik at fortettingspotensialet i byen allereie er vurdert. Det er nokre område kor det er sannsynleg at det vil skje ei fortetting. Større fortettingsprosjekt i sentrum er ofte krevjande å få realisert. Dette mellom anna sidan dei skal ha høg arealutnytting.

Utanom desse fortettingane i sentrum, er det særleg på Brynehaugen/Vardheia og på Re som vart lagt inn i tidlegare revisjonar, supplert med eit nytt område på Rosseland som er lagt inn i denne revisjonen. For utbygging i nye område vert det lagt til grunn ei arealutnytting på fem bustadar/da. Utbyggingstidspunkt til dei fleste bustadområda og ein del av næringsområda på Re/Svertingstad er skyva ut til etter 2050.

2.2.3 Kvernaland

Utviklingsretninga for bustadbygging på Kvernaland er i all hovudsak avgjort i tidlegare revisjonar, og det er relativt små endringar som skjer i arealdisponeringa på Kvernaland i denne revisjonen. Det er gjort nokre mindre justeringar av arealføremål innanfor utbyggingsområde. I tillegg er det lagt inn eit nytt areal for kombinert bustad og tenesteyting ved Stemmen. Dette for å kunna dekka behovet for tenesteyting på Kvernaland i komande planperiode.


Næringsområda på Kalberg og Kvernaland som vart lagt inn i kommuneplan 2018-2030 er ikkje endra på. Det er krav om at omkøyringsvegen skal etablerast før områda kan koma til utvikling. Dette kravet vidareførast i denne revisjonen. Nokre mellombels løysingar kan avklarast i ein områdeplan. Prosessen med områdeplan for Kalberg er pågåande, parallelt med kommuneplanrevideringa.

Langsiktig grense landbruk er justert noko i tråd med endringar som er foreslege, og elles i grense med eksisterande busetnad eller med regulerte utbyggingsområde.

Sentrumsområda på Kvernaland er noko justerte. Området for Gamle Kvernaland fabrikk er vidareførte som sentrumsføremål, og er i arealplankartet gitt nemninga SK1. Den nordlege delen av området er endra til bustadføremål. Det er

og avsett eit område med grønstruktur mot Frøylandsvatnet.

For å få ei heilskapleg løysing og gode koplingar mot Frøylandsvatnet og senterområdet på den andre sida av Kvernelandsvegen, er det stilt krav om felles plan. Temakart for desse områda er teke ut av arealplanen, men ein har intensjon om å byggja vidare på prinsipp i tidlegare temakart.



Figur 5 er teke frå kommuneplan for Time 2018-2030. Prinsipp for utviklinga av området skal følgjast opp i samla planarbeid for området.

I planarbeidet skal omsyn til landskap og kulturminna vektleggjast. Utforming av bustaden skal vurderast i planen, men siktlinjer til vatnet og bevaring av kulturminne skal vera førande for utnytting, plassering og høgder. Det skal og sikrast ei god kopling mellom sentrumsområda på begge sider av Kvernelandsvegen. Det er opna for ulike funksjonar innafor området, og det vil vera krav om byrom med aktive fasadar. Målsettinga er å fylla desse med funksjonar retta mot lokalmiljøet.


Det vert viktig å sikra offentlege samband gjennom området og ned til vatnet. Sjølv om eit område langs vatnet er vist som grønstruktur, er ikkje intensjonen å etablera eit samanhengande parkmessig område. I planen vil ein kunna vurdera andre tiltak og føremål som er med på å aktivisera området. Deler av grønstrukturen vil kunna reknast med som ein del av uteområda for bustadane i området.

Ein vil legga vekt på trinnvis utbygging slik at bustader vert etablert parallelt med grønstrukturen. I planprosessen vil ein og sjå på korleis ein kan sikra at kulturminna vert restaurerte og tekne i bruk.

2.2.4 Lyefjell

Sett i eit langtidsperspektiv, dvs. kring år 2050, vil mest truleg dei større utbyggingsområda på Bryne verta utbygde. Då vert Lyefjell vurdert til å vera ein viktig del av vidare planløysing i Time. For å behalda denne moglegheita må det sikrast at Lyefjell utviklar seg som ein berekraftig tettstad, med ei sunn demografisk utvikling.

Lyefjell har ikkje noko særleg fortettingspotensial, og det vart derfor i førre revidering lagt inn eitt nytt utbyggingsområde som skulla bidra til at Lyefjell kan utvikla seg til ein attraktiv og kompakt tettstad. Dette utbyggingsområde er regulert gjennom ein områdeplan. Området utgjer mesteparten av bustadreserven på Lye. Illustrasjonen under viser ønska utvikling av tettstaden i eit lengre tidsperspektiv.



Figur 6 Utviklingsretning bustadar Lye i eit lengre perspektiv

For utbygging i nye område vert det lagt til grunn ei arealutnytting på 3,5 bustadar/ dekar . Moglegheit for utvikling er haldt open mot nord og aust.

Nærmare avgrensing her vil bli vurdert ved neste revisjon av arealdelen. Det er ikkje lagt til rette for større nye areal på Lye i denne revideringa, berre mindre justeringar.

2.2.5 Undheim

Undheim har i godkjende reguleringsplanar nok kapasitet til å kunna dekka behovet for bustadar i planperioden. Det er difor ikkje lagt til rette for fleire bustadområde i denne revideringa, med unntak av ein kommunalt eigd tomt som tidlegare har vore sett av til tenesteyting. Kommunen vurderer dette som ikkje hensiktsmessig lenger

Det er eitt område sør for samfunnshuset kor det er noko potensial for eit nytt bustadfelt om det skulle vera ønskeleg en gang i framtida, men per nå er det ikkje vurdert å vera behov. Det er lite fortettingspotensial innanfor eksisterande bustadområde på Undheim. Det vurderast som lite sannsynleg at dette potensialet verta teke ut. Skissa under syner ønska framtidig utviklingsretning for bustadar på Undheim i eit lengre perspektiv.



Figur 7 utviklingsretning bustadar Undheim i eit lengre perspektiv

Det har i revideringa kome fleire innspel om større utbyggingsområde sør for Undheim. Utviding av areal sette av til datasentertomt og/eller synergiar, biogassanlegg, og veksthus, utgjer ei nedbygging av meir enn 400 dekar jordbruksjord. Regulering for Storemyr masseuttak som vart lagt inn i kommuneplan 2018-2030, har starta opp. Dette område utgjer om lag 300 dekar. Desse planane inneber at dei samla tiltaka i området sør for Undheim kan verta store i denne planperioden.

2.2.6 Hognestad

Hognestad er kommunen sin minste tettstad, og har ingen tilgjengelege område for fleire bustader, forutan eit minimalt fortettingspotensiale. Hognestad er omkransa av fulldyrka jord, og å finna moglegheiter for utvidingar av tettstaden er vanskeleg. Det er i denne revideringa kome innspel om å omdisponera nordre halvdel av fotballbanen til eit lite bustadfelt. Bustadfeltet skal utviklast saman med eit område som allereie har bustadformål. Dette vil legga til rette for 16 nye bustader på Hognestad. Dette vil sikra tilgjengelege bustader i tettstaden framover.

2.2.7 Det viktige kvardagslivet

For å kunna ha gode kvardagsliv i byen og tettstadane må mennesket settast i fokus når me skal bu tettare. Innbyggarane sin kvardag har sitt utspring i heimen. Derfor er det viktig å sjå på kva for bustadar og bumiljø me ønsker å legga til rette for, plassering av aktivitetar mange nyttar og korleis det er å koma seg til dei ulike målpunkta til fots, med sykkel eller i bil. Det skal leggast vekt på arbeidsplassar, butikkar, friområde, organiserte fritidsaktivitetar, leikeplassar, skule og barnehage.

Samansette bumiljø er viktige for å kunna trivast i ulike fasar av livet. Alder, kjønn, personleg økonomi eller funksjonsnivå skal ikkje vera styrande for å kunna velja kor ein skal bu. Universell utforming er nødvendig for nokon, Det vil gjera det mogleg for eldre å bu lengre i eigen bustad og at dei kan nytta dei ulike møteplassane.

Det må leggast vekt på løysingar som kan bidra til å skapa den gode, berekraftige byen og tettstaden; skapa gode bumiljø, få til eit engasjerande kulturliv, etablera og sikra attraktive grøntområde og skapa gode høve for gåande og syklande. Gode møteplassar eller byrom er viktige for kvaliteten på opplevingar og samspel med andre. Gode nærmiljø er og viktig for å skapa aldersvennlege samfunn som gjer det mogleg for eldre å bu godt i eigen heim så lenge som mogleg.

2.2.8 Folkehelse, barn og unge

Det er viktig å ha fokus på folkehelse, barn og unge i framover slik at ein legg til rette for gode bustadar og kvardagsliv. Eit verkemiddel for å fremja godt kvardagsliv er å legga til rette for møteplassar og område for kvardagsaktivitet i tettstadane.



Figur 8 Illustrasjon Time kommune

Det må leggast til rette for variasjon av typar, storleik og avstand til møteplassar og aktivitetar. Å sikra kort avstand til større samanhengande område med høg kvalitetar er viktig.

2.3 Samferdsel

2.3.1 Veg


Bilveg har ikkje vorre eit større sentralt tema i denne revisjonen av kommuneplanen. Konsekvensar for trafikksikkerheit og trafikkforhold er vurdert under kvart enkelt innspel i konsekvensutgreiinga. Fleire av innspela som er innarbeidde krev at endelege avklaringar og kartleggingar vert teken gjennom ein reguleringsplan. Nokon av desse kan medføre utbetrings- eller trafikksikringstiltak.

Den reviderte planen legger også til grunn at omkøyringsvegen må vera etablert før områda å Kalberg og Kvernaland kan utviklast. Endeleg trase for omkøyringsvegen vert fastsett i pågåande planprosess for «Områdeplan for området Orstad nord, Kalberg, Frøyland og Kvernaland».

2.3.2 Gonge og sykkel

Hå, Klepp og Time har tidlegare i samarbeid utarbeida regionale ruter for gang- og sykkelvegar. Fleire av traseane er langt på veg etablerte.

I denne planen vert målet om god sykkeltilgjenge mellom kommunane vidareført. Planen supplerer dette med utpeikte trasear for hovudsykkelnettet mellom tettstadene i kommunen. Desse traseane skal over tid utviklast og utbetrast slik at sykkel vert eit reelt og attraktivt alternativ for transport mellom tettstadene. Målet er å legga betre til rette for trygg, effektiv og klimavenleg kvardagsreising for innbyggarane.



Figur 9 viser utpekte hovedtrasear for fremkomst med sykkel.

I tillegg har det vore ønskeleg å sette fokus på mindre tiltak som vil fremma sykkelbruk i Bryne sentrum og i hovudnett for sykkel i kommunen. Døme på dette er forbetring av sykkelparkering, å få fleire bysyklar og fartsreduserande tiltak for motorisert trafikk der dette er hensiktsmessig.

2.3.3 Kollektivtilbod

Det er store forskjellar i kvalitet og tilbod for kollektive alternativ, avhengig av kor man bor og lever liva sine i kommunen. Bryne med sine urbane kvalitetar har både tilgang til jernbane og buss, og fungerer i stor grad som eit kollektivknutepunkt med gode moglegheiter for å bevege seg inn og ut av kommunen. Andre tettstader har mindre fleksibilitet og er i større grad avhengige av bilbasert framkomst.


I denne revisjonen er det utarbeidt illustrasjonar for nokre av tettstadane, for å sjå kor langt unna diverse bustadområde er frå etablerte tog/bussruter. Avstanden i desse karta skal vera del av vurderinga når nye bustadområdeplanleggast, og kor høg tettheit som er gunstig å ha i eit område. Område med god kollektiv dekning er meir egna til høgare bustadtettheit. Kollektive tilbod er fleksible og kan både bli betre eller dårlegare i løpet av dei komande åra. Prinsippa er viktige, men utgangspunktet må takast i dei til kvar tid gjeldande kollektive tilboda.



Figur 10 Viser 300 meter frå Bryne stasjon i luftlinje og gangavstand, med nokre større byggeområde markerte i svart.



Figur 11 Viser 300 meter frå gjeldande bussruter på Kvernaland, med nokre større byggeområde markerte i svart.



Figur 12 Viser 300 meter frå gjeldande bussruter på Lye, med nokre større byggeområde markerte i svart.

Jernbane


Jernbanen har historisk vore ein viktig del av kommunen, og har hatt ein sentral rolle i korleis kommunen har utvikla seg. Jernbanen er fortsett sentral for kommunen og fungerer som ein av dei viktigaste samferdselstraseane for framkomst. Den 17.09.2025 (KS.sak 054/25), vart Kommunedelplan for dobbeltspor Sandnes – Nærbø (strekning Time) vedtatt. Dette sikrar areal og legg til rette for etablering av dobbeltspor frå Sandnes til Nærbø. Kommunedelplanen gjelda uendra, og kommuneplanen gjeld ikkje for denne delen av kommunen.

2.3.4 Folkehelse, barn og unge

Å finna gode, trafikksikre, effektive og samanhengande gang- og sykkelstiar mellom bustadfelt, skule/barnehage og fritidsaktivitetar er krevjande i tronge gater. Trafikksikre soner rundt skular og barnehagar, parkering og prioritering av gåande i områda til og frå skule og barnehage, er eit viktig fokusområde. Dette arbeidet skjer kontinuerleg, på alle plannivå. Parallelt med revideringa av kommuneplanen har det også vorte gjennomført barnetråkkregistreringar på alle dei kommunale skulene. Dette dannar eit viktig datagrunnlag for framtidige tiltak rundt om kring i kommunen.

2.4 Arealrekneskap

For denne revideringa av kommuneplanen er Rogaland fylkeskommune sin modell for arealregnskap brukt. Denne modellen har som mål å sikra ein standardisert modell for korleis kommunane skal rekna ut og dokumentera systematisk arealbruk for kvar kommuneplanrevisjon. Modellen er eigna til formidling mot innbyggarar med kartfesting av kor tiltak kan skje. Modellen er tilgjengeleg for alle og kan sjås her.



Figur 13 Rogaland fylkeskommune sitt arealrekneskap viser areal kan byggast ned i kommuneplan 2026-2037.

2.4.1 Planvask

Planvask har vore eit viktig tema i denne revideringa. Alle område avsette til bustad, næring, forsvar og råstoffutvinning er gjennomgåtte for å dokumentera kva areal kommunen har tilgjengeleg, og kva behov me har framover. Det har ikkje vore ønskjeleg å tilbakeføra bustad og næringsområda til LNF-føremål. Desse områda er vurderte å liggja godt plasserte i tilknyting til tettstadene, å vera i tråd med regionale strategiar. Kommunen ønskjer å sikra føreseielegheit for grunneigarar og utbyggjarar. Bustad og næringsområde skal i hovudsak styrast gjennom rekkefølgjekrav til utbygging. Dette skal bidra til at den årlege omdisponeringa av areal vert halden på eit forsvarleg nivå.

Områda avsett til føremål Forsvar og råstoffutvinning er grundig gått gjennom . Dette har ført til at meir enn 900 dekar forsvarsareal og over 200 dekar areal avsett til råstoffutvinning er foreslått tilbakeførte til LNF-føremål.

2.4.2 Bustad

Alle bustadområde er gjennomgåtte. Områda er kategoriserte som langsiktig reserve eller byggjeklar reserve, ut frå status, kapasitet og behov. Ei oppsummering av vurderingane er vist nedanfor.

Bustadreserver i gjeldande planverk Time kommune			
	Langsiktige reserve	Byggeklare reserve	Totalt
Bryne	1338	739	2077
Kverneland	348	349	679
Lye	233	145	378
Undheim	0	64	64
Totalt	1919	1297	3198

Figur 14 Bustadreserve i Time kommune

Det er også gjort berekningar av kor lenge bustadreserven vil vara, basert på ein forventa årleg folkevekst på 1,2 prosent og ei utvikling som tilsvarar fordelinga dei siste åra. Vurderinga syner at kommunen har tilstrekkeleg med bustadareal for den komande planperioden.
Hognestad er den einaste tettstaden som i dag ikkje har tilgjengelege bustadområde. I denne revideringa er det derfor lagt til rette for eit mindre bustadfelt på Hognestad, slik at det også her finst moglegheiter for bustadutvikling.
Det er også lagt inn eit nytt bustadområde på Bryne. Bryne har i utgangspunktet tilstrekkeleg med

bustadareal, men det kom i planprosessen innspel om bustadutvikling på Rosseland. Området ligg innanfor den langsiktige grensa for landbruk og bidreg til å sikra tilstrekkeleg bustadareal på Rosseland-sida av Bryne. Ei slik utbygging er i tråd med «Innanfrå og ut»-prinsippet.
I kommuneplan 2018-2030 er det samla sett om lag 358 dekar tilgjengeleg til bustadføremål. Denne revideringa fører til ein mindre auke i det samla bustadarealet. I kommuneplan 2026-2037 er det samla sett om lag 401 dekar tilgjengeleg til bustadføremål.

Bustadreserve målt opp mot forventa behov			
	Total bustadreserve	Forventa behov ved 1,2% årleg befolkningsvekst fordelt som forventa	Bustadreserven holdar i (år)
Bryne	2077	55-65	32-38
Kverneland	679	28-33	21-24
Lye	378	20-24	16-19
Undheim	64	2	32
Hognestad	0	0	-
Totalt	3198	103-122	26-31

Figur 15 viser kor lenge den gjeldande bustadreserven er venta å vara i kvar tettstad, basert på ein årleg folkevekst på 1,2 prosent.

2.4.3 Næring


Alle næringsområda er gjennomgåtte. Her er det gjort ei vurdering av om næringsområda har eit typisk preg av næringskategori 1, 2 eller 3, og kor godt desse areala er utnytta. Målet er å få oversikt over kva kommunen eventuelt treng av nytt næringsareal. Konklusjonen er at ein del eldre næringsområde relativt sett er dårleg utnytta og i teori vil kunna ha potensial for fortetting. Dette forutsett likevel transformasjon i form av riving og meir omfattande grep . Dette vert vurdert som lite realistisk. Det finst noko potensial for fortetting i etablerte område, men dette er avgrensa på kort sikt. Samla sett er det lite ubebygd areal sett av til middels arbeids- eller besøksintensive næringsverksemder (Næringskategori 2). Det er derimot sett av store areal til kraftkrevjande industri og synergiverksemder.

I kommuneplan 2018 er det sett av 1 308 dekar til næringsføremål, med ein stor overvekt av areal til kraftintensiv næring. Dette arealet aukar i tråd med innarbeidde innspel, og utgjer 1620 dekar i kommuneplan 2026.

2.4.4 Arealrekneskap etter arealtype

Kommuneplan 2018-2030


I kommuneplan 2018-2030 er det totalt 3 079 dekar innanfor føremåla i kategorien «busetnad og anlegg», som kan byggjast ned. Fordelinga av desse areala er vist i figuren nedanfor.



Figur 16: areal som kan byggjast ned i gjeldande kommuneplan.

Dersom alle desse areala som er sette av i gjeldande kommuneplan, vert bygde ned, vil 1905 dekar jordbruksareal vert omdisponert. Figuren viser at om lag 1/3 del gjeld råstoffutvinning. Desse areala vil, etter avslutta drift, verta ført tilbake til jordbruksjord og formål LNF.

Jordbruksareal som vert omdisponert omfattar fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Ei detaljert oversikt over kor store areal av kvar arealtype som vert omdisponert , er vist nedanfor.




Figur 17 Viser kor mykje av kvar arealtype som vil verta bygd ned dersom alle areala som er sette av til utbyggingsføremål, vert realiserte.

Revidert kommuneplan 2026-2037


I kommuneplan 2026-2037 er det totalt 3 937 dekar innanfor føremåla i kategorien «busetnad og

anlegg», som kan byggjast ned. Fordelinga av desse areala er vist i figuren nedanfor.



Figur 18 Areal som kan byggjast ned i i t kommuneplan 2026-2037.

Dersom areala som er sette av i kommuneplan 2026-2037, vert bygde ned, vil 2 447 dekar jordbruksareal verta omdisponert. Figuren viser at om lag 40% av arealet omdisponert gjeld råstoffutvinning. Desse areala vil, etter avslutta drift, verta ført tilbake til jordbruksjord og formål LNF.



Figur 19 Viser kor mykje av kvar arealtype som vil verta bygd ned dersom alle areala som er sette av til utbyggingsføremål, vert realiserte.

3. Natur-, kulturlandskap- og friluftsliv forvaltning

Time har flotte og spesielle natur- og landskapsområde av stor verdi for det biologiske mangfaldet og friluftslivet. Ei god forvaltning av areala er viktig om ein skal greia å ta vare på verdiane for komande generasjonar. Desse areala vil ofte ha fleire funksjonar og brukargrupper. Det, å finna balansegangen mellom utvikling, bruk/skjøtsel og vern vil vera avgjerande.

Både dyrka jord og innmarksbeite er viktig for mangfaldet av planter og dyr. Trenden i jordbruket i retning av eit meir intensivt jordbruk, større teigar og fjerning av kantområde har ført til redusert naturmangfald. I kommunen finn ein mellom anna førekomstar av den kritisk trua raudlistearten åkerrikse, nærtrua arten vipe og dei sårbare artane storspove, sanglerke og kvartel. Fram til 1980-talet var vipa ein vanleg hekkefugl på stort sett heile Jæren. I eit studieområde på Jæren er det registrert 44 % nedgang i hekkebestanden i perioden 1997-2011. Dersom ikkje den negative bestandsutviklinga kan dempast, vil truleg vipa vera utgått som hekkefugl i fylket innan 2050.
Dei ulike fugleartane føretrekk ulike habitat, men for vipa og dei andre raudlisteartane er det viktig å behalde ein mest mogleg heterogen teigstruktur i jordbrukslandskapet. Dette betyr ei veksling mellom ulike typar dyrka mark, innmarksbeite, naturbeite m.m. Det er difor viktig å ta vare på mest mogleg av mosaikkstrukturen.
Rydningrøyser og steingardar bør i størst mogleg grad takast vare på i innmarksbeita sidan desse er viktige hekkelokalitetar.

Ut frå kjend kunnskap er det nokre område i Time kommune kor ein har registrert fleire raudlistartar og kor landskapet syner ein variert teigstruktur. Desse bør i mest mogleg grad takast vare på. Moglege tiltakssøknadar i områda må vurderast nøye ut frå registrert kunnskap.



Figur 20: Bilete frå Ecofact

Dei naturlege føresetnadane, klima og jordsmonnet, gjer at kommunen er særs viktig for å sikra auka matproduksjon i forhold til nasjonal målsetting. Kravet til auka intensivering i landbruket aukar presset på viktige areal og element, som steingjerde/ rydningsrøyser, våtmark og kantsoner, kulturminne og for det karakteristiske landskapsbildet med dei bølgjande formene.
Nasjonale og internasjonale mål for vern av naturmangfaldet, gir kommunen eit ekstra stort ansvar for å ta vare på truga artar og naturtypar, for eksempel elvemusling, åkerrikse, næringsrik myr og våtmark, frodige bekkedrag, kystlynghei og varmekjær lauvskog. Tendensen syner at open myr og snaumark har vorte redusert. Open myr med 9,5 % i perioden 2016-2026 og snaumark med 10 % i same periode. (SSB 2026)

Myr har ein vesentleg funksjon som CO_2-lager, og som levestad for ei rekke planter og dyr. Myr fungerer òg som fordrøyingsareal ved store nedbørsmengder, og reduserer på den måten faren for flaum. Forsvarleg bruk av desse areala er viktig. Utviklinga med at myrarealet vert redusert må, om mogleg, verta snudd.

Areala langs vassdraga i kommunen er sårbare område som er viktige for vasskvalitet og biologisk mangfald. I Vassområde Jæren er det berre 5 av 310 naturlege vassdrag som har svært god økologisk tilstand. Svært god økologisk tilstand betyr at vassdraget er ubetydeleg påverka samanlikna med naturtilstanden. God økologisk tilstand betyr at vassdraget er påverka av menneskelege inngrep, men at dei økologiske funksjonane framleis er relativt intakte. Oppsummeringa av vassområda er henta frå *Regional vassforvaltningsplan for Rogaland vassregion 2022-2027* og er vist nedanfor.



Vannområde	Svært dårlig	Dårlig	Moderat	God	Svært god
Haugaland	5	26	89	170	6
Ryfylke	19	95	177	453	83
Jæren	17	34	140	114	5
Dalane	1	25	137	111	11

Figur 21 :Talet på naturlege vassdrag i kvart vassområde, og kor mange som har kvar tilstandsklasse.

Forvaltning av innanlands fisk er integrert i den heilskaplege vassforvaltninga. Der inngrep kan vera aktuelle, skal omsynet til lokale bestandar ivaretakast.

Vatn i opne renner, bekkeløp og dammar har stor verdi for det biologiske mangfaldet og for å skapa opplevingar med kvalitetar i utemiljøet. Samtidig kan ein oppnå positive effektar knytt til fordøyinga av regnvatn og førebygging av flaum.

Grønstruktur som evner å filtrera nedbør i byen og tettstadane, og samanhengande grøndrag gjennom heile kommunen, er med på å sikra naturmangfaldet. Desse områda er viktige leveområde og spreiingskorridorar for planter og dyr. I det vidare arbeidet vert det viktig å samanstilla og vurdera dei ulike natur- og miljøkartleggingane som er gjennomførte i kommunen, og arbeida for å betra samanheng mellom desse områda.


3.1 Friluftsliv

Turopplegget «Ti turar i Time» har hatt turar som har gått i store delar av kommunen, både nær tettstadane og turar lengre vekke, og i nært samarbeid med grunneigarane. Kommunen ser det ikkje som formålstenleg å legga omsynssone rundt friområde utanfor tettstadane.



Figur 22 illustrasjon

Kommunen ønskjer å fortsetta samarbeidet med grunneigarane om tilrettelegging for friluftsliv, etter same mal som «Ti turar i Time».



Figur 23 Kart over alle Ti Turar i Time i perioden 2009-2019, samt alle åtte nær-turane.

3.2 Klimatilpassing

Klimaendringane gjer det nødvendig å ta høgde for meir nedbør i planlegginga. Avløpsnettet må dimensjonerast for meir vatn. Open overvasshandtering skal prioriterast og vassvegane skal haldast opne.

I Time oppstår gjerne dei største utfordringane i samband med lokalt kraftig og kort-varig nedbør som gjev store mengder overvatn og flaumar. Tette flater som asfalterte vegar og parkeringsplassar, gir raskare avrenning enn naturlege flater, og det fører til auka flaumfare i bekkar og vassdrag dersom vatnet vert leia for raskt bort. Det skal søkast naturleg balanse ved at overvatnet vert handtert lokalt og ikkje vert flytta til naboområda.

Tradisjonell fortetting og bustadbygging i sentrum gjev mindre kapasitet til lokal infiltrasjon og fordrøying av overvatn. På Re er det i planforslaget vidareført eit stort fordrøyingsbasseng som kan byggast ut når behovet oppstår eller i samanheng med bustadutbygginga i same område.

I planforslaget er den såkalla tre-trinnsstrategien for lokal overvasshandtering innarbeidd:

1) Mindre nedbørsmengder skal infiltrerast
2) Større nedbørsmengder skal fordrøyast
3) Sikra ein flaumveg for dei store nedbørsmengdene.

I arealplanlegginga skal det leggast vekt på bruk av by- og landskapselement som sikrar lokal handtering av overvatn.

Folkehelse, barn og unge

Vatn i opne renner, bekkeløp og dammar kan og bør brukast aktivt for å skapa opplevingar med kvalitet i utemiljøet. Større innslag av blågrøne kvalitetar som vatn og grønt vil kunna bidra til å dempa skadar frå meir og kraftigare nedbør, samt gje betre uterom.



Figur 24 illustrasjon



Figur 25 Time kyrkje, listeført kulturminne med automatisk freda kyrkjegard.

Time har hatt ein høg auke i folketalet, frå ca. 5200 innbyggjarar i 1950 til vel 20 000 i 2024. Veksten med utbygging av sentrumsbusetnad, infrastruktur og bustadfortetting, og krav til høg arealutnytting, har lagt press på område med viktige kulturhistoriske verdiar. Erfaringar viser at det er krevjande å verna kulturhistoriske verdiar. Nye tiltak på og nær eksisterande verneverdig busetnad har vorte godkjende, sjølv om dette har gått på kostnad av kulturminneverdiar.

Samanhengen rundt og mellom bygningane kan òg verta trua, noko som gjer at heilskapen og historieforteljande element forsvinn.
Høgt press i planleggings- og byggjeprosessar kombinert med avgjerande vekt på tekniske og økonomiske forhold, har fleire stadar ført til at kulturminne/kulturminneverdiar er gått tapt.

Kulturmiljøplanen er revidert parallelt med kommuneplanen, og omsynssonene er innarbeidde i tråd med planen.
Modernisering i landbruket har resultert i større driftseiningar, større bygningar og bruk av større reiskapar. Areal er ein knapp ressurs og tettstadsutvikling og utviklinga i landbruket har gjeve behov for nydyrking. Landbrukets sitt kulturlandskap endrar seg på grunn av denne utviklinga og verdifulle kulturlandskap kan gå tapt.



Figur 26 Landbruksdrift på Tegle

4. Samfunnstryggleik

Time skal vera ein trygg kommune å bu i, arbeida og opphalda seg i. Samfunnstryggleik og beredskap står derfor høgt i all kommunal planlegging.

4.1 Storulykkebedrifter

Det er to storulukkeverksemder i kommunen. Den eine ligg på Kvernaland, og den andre ligg om lag 4 km sør for Undheim. Verksemda på Kvernaland ligg nær utbyggingsområde for både næringsverksemd og infrastruktur for kraftforsyning. Det er lagt inn faresoner rundt begge verksemdene. Desse sikrar at det ikkje kan etablerast bustader, sjukeheimar eller annan sosial infrastruktur innanfor faresonene så lenge verksemdene er etablerte i området.

I tillegg til at dei to etablerte verksemdene vert vidareførte, vert det lagt til rette for eit biogassanlegg om lag 4 km sør for Undheim. Avhengig av kor store mengder flytande metan som skal lagrast i området, kan anlegget bli definert som ei storulukkeverksemd. Reguleringsplanen for området må avklara kva løysingar som skal veljast, og kor stor ei eventuell omsynssone rundt storulukkeverksemda må vera.

4.2 Utbrot av smittsam dyresjukdom

Utbrot av alvorleg og smittsam dyresjukdom vil få store konsekvensar for landbrukskommunen Time. Kommunen har laga kart over område der det fortrinnsvis ikkje skal gravast ned daude dyr. Karta legg vekt på vasskjelder, grunnvassressursar og vernesoner. Det må gjerast ytterlegare kartleggingar dersom Mattilsynet gir ordre om nedgraving. Karta som er laga vert vidareført som vedlegg til beredskapsplanen for Time kommune.

4.3 Matvaretryggleik

Dei naturlege føresetnadane, klima og jordsmonnet, gjer at kommunen er særs viktig for å sikra auka matproduksjon etter nasjonal målsetting, og viktig i forhold til mattryggleik for heile landet. Aktivt landbruk og ei god forvaltning av areala er viktig for å halda oppe og auka matproduksjonen i samsvar med dei nasjonale og regionale måla om jordvern.



Figur 27 Kalberg

4.4 Flytryggleik

Noko areal sør for Frøylandsvatnet og vest på Bryne kjem inn i restriksjonsplanen for Stavanger lufthamn, Sola. I desse områda skal det ikkje reisast bygg over kote 158 meter.

4.5 Folkehelse, barn og unge

Å sikra matproduksjonen for framtida er eit sentralt folkehelseaspekt ved samfunnstryggleik. Behovet for omsynssoner rundt anlegg som kan utgjera fare for liv og helse, må vurderast i arealplanlegginga. Fokus på lyssetting av offentlege uterom og trafikkårer som er mykje brukt av barn og unge, er viktige tryggleikstiltak.



Figur 28 Kaizersplass

5. Handlingsprogram

Etter plan og bygningslova skal kommuneplanen følgjast opp med ein handlingsdel. Kommunen har valt å kalla det for eit handlingsprogrammet. Programmet viser korleis planen skal gjennomførast gjennom konkrete tiltak innanfor kommunen sine økonomiske rammer, og skal koplast til økonomiplanen. Det skal reviderast jamleg, slik at det til kvar tid gir eit oppdatert grunnlag for prioriteringar. Handlingsprogram skal vera eit styringsverktøy som sikrar gjennomføring av mål i kommuneplanen, og som synleggjer samanhengen mellom langsiktige mål og økonomiske prioriteringar i kommunen.

Handlingsprogrammet fungerer som eit grunnlagsdokument for økonomiplanen, og tiltak som ein ønskjer å gjennomføra og som krev ekstra midlar må takast omsyn til der.

Tidspunkt	Oppgåve	Føremål	Økonomiske konsekvensar
Før utbygging av BB7, BB8 og BB9	Utarbeidd områdeplan plan for bustadområdet H810_1 på Re utvikling av bustadområdet på Re.	Føremålet er å sikra ei heilskapleg og felles utvikling av bustadområdet på Re.	Det skal vurderast å inngå avtalar med utbyggjar om utarbeiding av områdeplanen. Dette vil ikkje føre med seg utgifter, men føre til tap av gebyrinntekter, sidan kommunen ikkje kan krevje gebyr for utarbeiding av områdeplanar.
Før utbygging av NB1, NB2 og NB3	Utarbeidd områdeplan plan for næringsområdet H810_2 på Re	Føremålet er å sikre ei heilskapleg og felles utvikling av næringsområdet på Re.	Det skal vurderast å inngå avtalar med utbyggjar om utarbeiding av områdeplanen. Dette vil ikkje føre med seg utgifter, men føre til tap av gebyrinntekter, sidan kommunen ikkje kan krevje gebyr for utarbeiding av områdeplanar.
Før utbygging av område SK1	Utarbeide felles plan for Kverneland fabrikk området SK1	Føremålet er å sikre ei heilskapleg utvikling av områda SK1der løysing for tilkomst, kulturminne og grønstruktur vert sett i samanheng.	Det skal vurderast å inngå avtalar med utbyggjar om utarbeiding av områdeplanen. Dette vil ikkje føre med seg utgifter, men føre til tap av gebyrinntekter, sidan kommunen ikkje kan

			krevje gebyr for utarbeiding av områdeplanar.
Arbeidet er pågåande	Utarbeide ein områdeplan for områda NK1- NK4, BK1, BK4 og BK5, RK1- RK5, inkludert omkøyringsveg om Kvernaland	Fullføra påbegynt planarbeid.	Dette vil ikkje føre med seg utgifter, men føre til tap av gebyrinntekter, sidan kommunen ikkje kan krevje gebyr for utarbeiding av områdeplanar.
2027-2033	Selja kommunale eigedomar kommunen sjølv ikkje har bruk for. Disse er utgreidd i kommuneplanprosessen.	Tilrettelegging av bustad og inntening for kommunen.	Nokre av desse tomtene vil og måtte omregulerast før sal. Uklart kor store summar det er snakk om og om det skal gjerast av kommunen eller private.
Vidareformidla til fylkeskommunen **2027-2031**	Følgje opp prioriterte strekningar for sykkel i fagnotat om sykkel. Prioritet 1: • Sykkelfelt i Jernbanegata (utbetre) (Fv 4380) • Sykkelfelt langs rv. 44 frå Kåsen mot Arne Garborgs veg. (utbetre) • G/S-veg mellom Hognestad og Torland. • G/S-veg frå Time kyrkje til Undheimsvegen • Sykkelfelt i Hetlandsgata (utbetre) • Mindre tiltak som vil fremme sykkelbruk. (Eksempel: sykkelparkeringar, bysyklar, maling av sykkelfelt, fartsreduserande tiltak for biler, osv.)	Sikre eit samanhengande sykkelnett i kommunen, med fokus på systematisk oppbygging over tid.	Avhengig av løsning og lengde på det enkelte strekket.